

Studentparlamentmøter 19-20

Møtedato 30.10.19



Referat frå Studentparlamentmøte 30.10.2019

Tid 30. Oktober 2019 kl 16.00- 19.15
Stad Kaarstad 100

Tilstades med stemmerett:

AHL: Rikke Jenny Pettersen, Liv Olesen

AKF: Lars Grindvik Uri , Anders Viktor Kvile

AMF: Live Dale Fasting, Maja Susann Melbye

ASH: Leona Strohm, Shenan Kolambage

FR: Birk Skaret, Arnould Duhamel, Jørgen Tyrholm

Til stades utan stemmerett:

AU: Trym Nikolas Rimmen, Mathilde Gaalaas-Berg, Paloma L. Alonso, David Bernatek.

Faste møtande: Anna Rosa Rudin (Organisasjonskonsulent, Referent) Bernt Inge Berge (Kontrollkomitte)

Ordstyrar: Trym Nikolas Rimmen

Inviterte gjestar: Irmelin Losvik (Sponsoransvarlig Faddervekestyret 2019) Roy Christian Andersen (Faddersjef 2019)

Andre møtande: Ingen.

Sak 00 – 19/20 Konstituering av Studentparlamentet 2019-20

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Namneprop Gjennomført. Se oppmøte liste. il stede.

Val av møteleiing og referent

Vedtak: Trym Nikolas Rimmen blir vald som ordstyrar da ordinær Ordstyrar, Allan Melby ikkje hadde anledning å møte. Anna Rosa Rudin blir vald som referent.

Val av teljekorps

Vedtak: Bernt Inge Berge og Mathilde Gaalaas-Berg blir valde som teljekorps.

Sak 11– 19/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

Inga innvending til innkallinga.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner møteinnkalling og saksliste med fylgjande dagsorden:

Saker til 2. studentparlamentsmøte 2019-20
30.10.2019

Saksnr.	Sak	Type sak	Sakshandsamar
00	Konstituering av Studentparlamentet 2019-20 <ul style="list-style-type: none">• Opprop, val av møteleiing, val av teljekorps	V	Trym
11	Godkjenning av innkalling og dagsorden	V	Ordstyrar
12	Godkjenning av referat	V	Ordstyrar
13	Orienteringar <ul style="list-style-type: none">• Rekruttering av nytt fadderstyre v/Trym• Nokut v/Mathilde• Psykisk Helse-månad v/David• NSO Høstkonferanse v/Trym• Studiebarometeret v/Mathilde• Rekruttering av faddervegestyret 2020 v/Trym• Vara til studentparlamentet 2019/2020 v/Trym	O	Trym
14	Språk på Studentparlamentsmøter og i sakspapir	V	Paloma
15	Tilleggsbetaling til Faddervekestyret 2019	V	Mathilde
16	Godkjenning av Faddervekestyret 2019 sin økonomirapport	V	Trym
17	Vedtektssending	V	Trym
	<i>Pause</i>		
18	Fremje forslag for endring av honorar for fadderstyret og arbeidsutvalet	V	Trym
19	Søknad til Omstillingsmidlar (Workshop)	V	David
20	Val av arbeidsgruppe for julebord!	V	David
	Eventuelt		
	Møtekritikk		

Saker meldt inn til eventuelt: Anna har en sak til eventuelt. Trym har en sak til eventuelt.

Sak 12– 19/20 Godkjenning av referat frå 25.09.2019

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Ingen merknadar til referat frå 25.09.2019

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist studentparlamentsmøte, 25. September 2019.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner referatet frå møte i Studentparlamentet 25.09.2019.

Sak 13 – 19/20 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

- Rekruttering av nytt faddervekestyre v/Trym
Trym orienterer at han har vært i dialog med det gamle faddervekestyret ift. til å revidere arbeidsinstrukser. Utlysings prosessen startar de kommande vekene og meir informasjon om vervane kommer i forbindelse med det.
- NOKUT v/Mathilde
Mathilde orienterer om at nokut vil prate med studentane og de eventuelt kan spørje studentparlamentet om skolens kvalitetsarbeid og kvalitetssystem. Dette er informasjon som også de tillitsvalte vil få og bli forberedt på.
- Psykisk Helse-Månad v/David
David orienterer om de forskjellige arrangementene og lunsjen til siste torsdagen i oktober.
- NSO Haustkonferanse v/Trym
Trym orienterer om at konferansen. Fortaler at det er en paraplyorganisasjon for student organisasjonar. Forskjellige partier hadde informasjon om statsbudsjett og forskjellige prioriteringar. NSO vil at vi som lokallag skal være med å delta meir aktivt. Men sidan Volda har et lite lokallag så går det ikkje å samanlikne med større byer
- Studiebarometeret v/Mathilde
Mathilde orienterer om at undersøkinga har blitt sendt ut til alle andreårsstudentar og femteårsstudenter. Alla studentar får informasjon på studente-post og privat e-post. Dette er en kvalitetsundersøking for å kartlegge kvaliteten av undervisingen og det faglege innhaldet ved høgare utdanning i Norga.
- Rekruttering av faddervekestyret 2020 v/Trym
Punkta strøket da den har blitt tatt opp tidligere.
- Vara til Studentparlamentet 2019/2020 v/Trym
Orienterer om at alle vara plassane i Studentparlamentet er fylt.

Sak 14 – 19/20: Språk på Studentparlamentsmøter og i sakspapir

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonzo

Paloma orienterer om saken på engelsk og opnar for innspel eller spørsmål. Det var ingen spørsmål eller innspel til saken.

Forklaring:

Årets Studentparlamentet har ein fast og fem vara med internasjonal bakgrunn og som ikkje snakkar norsk. Derfor ynskjer vi at parlamentet nyttar seg av engelsk som munnleg språk på møta. Sakspapira skal fortsette å vere på norsk slik at forarbeid blir enklare for blant anna organisasjonskonsulent. AU sikrar at alle dei internasjonale medlemmane i Studentparlamentet skjønna sakspapira ved å gjennomgå papira med dei føreåt møta.

Forslag til vedtak:

Ved nærvær av internasjonale studentar på Studentparlamentets møta skal vi nytte engelsk som munnleg språk. Sakspapira skal fortsette å vere på norsk og ein av medlemmane frå AU (internasjonalt ansvarleg) skal vere ansvarleg for at Studentparlaments medlemmar med internasjonalt bakgrunn får munnleg gjennomgang av sakspapira i god tid før møtet. Dette gjeld i tidsrommet 30.10.19-29.04.20.

Vedtak: Ved nærvær av internasjonale studentar på Studentparlamentets møta skal vi nytte engelsk som munnleg språk. Sakspapira skal fortsette å vere på norsk og ein av medlemmane frå AU (internasjonalt ansvarleg) skal vere ansvarleg for at Studentparlaments medlemmar med internasjonalt bakgrunn får munnleg gjennomgang av sakspapira i god tid før møtet. Dette gjeld i tidsrommet 30.10.19-29.04.20.

Valget ble utført med urneval.

Sak 15– 19/20: Tilleggsbetaling til Faddervekestyret 2019

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Mathilde Gaalaas-Berg

Trym orienterer om saken på engelsk og tilbyr at Faddersjef og/eller Sponsoransvarlig å supplere. David framhevar at det er viktig å holde truverdighetene til studentparlamentet da betalinga allereie har blitt lovet.

En del oppklarings spørsmål vart stilt, blant anna om betalinga ble delt opp for å unngå reguleringar ift. utbetalingar, hvor pengar til betalinga kommer ifrå, korleis pengane vil bli delt i styret, korleis dette vil påvirke fremtidige fadderstyrer.

Svara blir gitt av Trym, Irmelin, Roy. Tilsvarende informasjon finnes i saksframstillinga i sakspapira.

Ingen innspel til saken.

Forklaring:

Faddervekestyret består av seks frivillige verv; ein leder og fem styremedlemmar. Styret blir honorert ut i frå satsar som fastsettast av Studentparlamentet og Høgskulen. Høgskulen utbetalar honoraret og det går derfor gjennom Høgskulens Lønns- og økonomisystem.

Per dags dato er honoraret for faddervekas styremedlemmar 5000kr til styreleiar og 3000kr til resterande styremedlemmar. Det har vert uttrykt misnøye frå tidlegare fadderstyrer om at dette var ein kompensasjon som ikkje visar rettferd for den nytta arbeidsmengda og forventningane til kva som skal leverast.

I forhandlingane mellom fjorårets leiar og direktør vart det lagt til eit ekstra verv (nestleiar) lønna med 3000 kr. Men grunn-honoraret til faddervekestyret vart ikkje økt.

Ved utlysing og tilsetting av Faddervekestyret 2019 vart det kunngjort for medlemmane i faddervekestyret at dei ville få ein lønn på 10 000kr til styreleiar og 5000kr til resterande styremedlemmar. Dette var ut i frå informasjon om blei publisert på Facebook, som ble slettet etter eit døgn, på grunnlag av manglande vedtekter som støtte satsane. Faddervekestyret fekk informasjon om at honorarkontrakten da skulle gjelde ut i frå gjeldande satsar og at det i tillegg ville bli betalt ut ein godtgjersle slik at sluttbeløppen tilsvaret kva som blei publisert i utlysingen og lovet i tilsetjingsprosessen.

I evalueringsprosessen av fadderveka kjende fleire styremedlemmar på ujamnt ansvars-initiativ og arbeidsmengde og fadderstyret forhøyrt seg med Studentparlamentsleder om moglegheiter for bonusutbetaling til delar av styret. Det var på dette punktet at nåverande Studentparlamentsleiar og AU først vart kjende med ein lovnad om ein eventuelt bonus. På evalueringsmøtet opplyste AU om at det ikkje finnast retningslinjer for utbetaling av bonus, heller ikkje retningslinjer for utbetaling av bonus til delar av styret og ikkje heile.

Organisasjonskonsulent og Studentparlamentsleiar har nytta tid i etterkant og vært i dialog med høgskulen, økonomi, tidlegare leiar og faddervekestyret for å kome til ein mogleg løysing.

Norsk lov tilseier at dersom ein organisasjon er skattefri kan ein person ta i mot lønn på inntil 10 000kr skattefritt. Studentparlamentet, derunder Faddervekestyret, er en frivillig organisasjon og dermed skattefri. (<https://www.skatteetaten.no/person/skatt/hjelp-til-riktig-skatt/arbeid-trygd-og-pensjon/hobby-ekstrinntekt-og-smajobber/mottar-du-lonn-fra-en-frivillig-eller-veldedig-organisasjon/>)

Dette gir rom for at gi faddervekestyret dei godtgjerslene som har blitt lova i utlysings – og tilsetjingsprosessen. I følge Studentparlamentet sine styringsdokument skal alt som omhandlar saker om endring av budsjettering over 7000 kr bli vedtatt av Studentparlamentet.

Til orientering:

I samanlikning med andre Høgskuler og respektive faddervekestyret er lønnen og/eller honoraret høgare enn ved Høgskulen i Volda. Til døme har fadderleiar og nestleiar i Sogndal ei fast utbetaling på 25 000 kr. Derav 15 000 til leiar og resterande 10 000 til nestleiar. Styreleiar i fadderveka i Bergen har ei løn på 50 000kr. (Disse eksempel skal lesast med slingringsrom da de per dags dato bygger på samtalar med andre faddervekestyret og er ikkje direkte innhente frå vedtekter, kontraktar eller skriftelege avtaler.)

Forslag til vedtak:

Parlamentet gir Faddervekestyret moglegheit til å omdisponere 15 000kr som skal dokumenterast i Fadderveka 2019 sitt rekneskap som godtgjersle til styret. Dette gir faddervekestyret moglegheit til å lage ein post som innehavar godtgjersler som atterspeglar den opprinelege avtalen som vart kommunisert i utlysinga og tilsettinga. Resultatet blir at faddervekestyret får ein tilleggsbetaling på 15 000kr, der 5000kr vert tildelt leiar og 2000kr til resterande medlemar i faddervekestyret.

Vedtak: Parlamentet gir Faddervekestyret moglegheit til å omdisponere 15 000kr som skal dokumenterast i Fadderveka 2019 sitt rekneskap som godtgjersle til styret. Dette gir faddervekestyret moglegheit til å lage ein post som innehavar godtgjersler som atterspeglar den opprinelege avtalen som vart kommunisert i utlysinga og tilsettinga. Resultatet blir at faddervekestyret får ein tilleggsbetaling på 15 000kr, der 5000kr vert tildelt leiar og 2000kr til resterande medlemar i faddervekestyret.

Valget ble utført ved urneval.

Sak 16 – 19/20: Godkjenning av Faddervekestyret 2019 sin økonomirapport.

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Irmelin Losvik presenterer og forklarar budsjett og rekneskap for faddervekestyret 2019 og opnar for spørsmål. Regnskapet som blir presentert inkluderer godtgjersler til faddervekestyret som totalt utgjer en utgift på 13 000.

Spørsmål om pengane vil gå til neste års faddervekestyre blir tatt opp. Irmelin forklarer at pengane vil bli overført til neste års budsjett og at de har en god buffer og start.

Spørsmål om arrangement på Rokken blir også tatt opp. De blir forklart at Rokken er ansvarleg for arrangement på Rokken og at Rokken og Fadderveke-styret samarbeider slik at de kan samkjøre aktivitetar i fadderveken, men at det er Rokken som står ansvarleg for arrangement og konserter på Rokken. Det var kun et standup-arrangement som faddervekestyret var ansvarlege for som ble holdet på Rokken.

Forklaring:

Sponsoransvarleg, Irmelin Losvik, presentera økonomirapporten for Fadderveka 2019. Økonomirapport blei også sendt ut på e-post av Studentparlamentet 23.10.2019.

Vedlegg 2, Reknskap Faddervekestyret 2019

Vedlegg 3, Reknskap Faddervekestyret 2019, dersom godtgjersle.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner Faddervekestyret 2019 sin økonomirapport for fadderveka 2019.

Vedtak: Studentparlamentet godkjenner Faddervekestyret 2019 sin økonomirapport for fadderveka 2019.

Valget ble utført med passiv røsting.

Sak 17 – 1: Vedtektsendring

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Trym orienterer om bakgrunnen til vedtektsendringa og lesar paragrafen på engelsk. Deretter vert det opna opp for spørsmål.

Spørsmål om kontrakten blir tatt opp. Trym forklarer at det omhandlar om arbeids beskrivelsen og kravene.

Spørsmål om tidsfristen for å fremja forslag til å auke satsane blir tatt opp. Trym forklarer at fristen er 15 november.

Ingen innspel til saka.

Forklaring: Meir informasjon og presisering av utbetaling av honorar til fadderstyret ønskes å bli lagt inn i studentparlamentet sine vedtekter. Forslag i § 10 Val av Faddervekestyret, punkt "g". Se vedlegg for forslag til revidering.

Vedlegg 4, Vedtekter for Studentparlamentet ved HVO, forslag til revidering. Endret 15.10.19.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner vedtektsendringa

Vedtak 1: Studentparlamentet godkjenner å opne vedtektsdokumentene.
Valget ble utført med aktiv røsting.

Vedtak 2 : Studentparlamentet godkjenner vedtektsendringa
Valget ble utført med urneval.

Vedtak 2 : Studentparlamentet godkjenner å lukke dokumentere etter endringane.
Valget ble utført med aktiv røsting.

Pause start: 17.23

Pause slutt: 17.33

Sak 18 – 19/20: Fremje forslag for endring av honorar for fadderstyret og arbeidsutvalet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Trym orienterer om saken og opnar for spørsmål og innspel.

Innspel til å ta med i forslaget blir tatt opp: For å få studentdemokratiet til å fungere er at lovpålagte føringar ikkje blir møtt og at satsane derfor må aukast.

Innspel til å ta med i forslaget blir tatt opp frå tidlegare faddersjef, Roy Christian. Han fortaler at styret var overraske over arbeidsmengdene og krava som blir stilt til å både gjer arbeidet i styret og være til stades som student (ift. Obligatorisk undervisning). Faddervekestyret arbeider for skolen og skal levere dette til skolen og de nye studentane. Fadderveken er grunnleggande for studietiden og studiekvardagen og dette burde blir meir anerkjent av HVO.

Trym framheve at AU at saken omhandlar om Studentparlamentet godkjenner å gi støtte og fullmakt frå til AU til å arbeide vidare med saken og fremme et nytt forslag til HVO innen 15 november 2019.

Ingen innvendinga til saka.

Forklaring: Verva i Faddervekestyret og Arbeidsutvalet er honorerte. Satsane vert fastsett av Studentparlamentet og HVO. I år ynskjer AU å gå inn i ein lønnsavtale med høgskulen.

For Faddeveka og Faddervekestyre er det uttrykt ynskje om å få auka honoraret til å moglegens stemme overeins med andre Høgskuler og Universitet. Visst ein ser på Sogndal, ligger fadderveka på ein samla utbetaling på 25 000 kr for arbeid dei gjer. Vi i AU ynskjer at fadderveka skal vere attraktivt og at det er givande å vere med å arrangere.

For AU sin del er det eit ynskje å auke honoraret for AU for å reflektere all tid og resursar vi nyttar for å sikre studentmedverking. AU legger inn meir tid kvar veke enn det som er atterspeglar i honoraret. Ser ein på andre arbeidsutval rundt om i landet er arbeidet på langt nær ikkje betalt likt. Høgskulen har store forventingar til at arbeidsutvalet skal bidra til medrekning på eit høgt nivå, men vi ser ikkje at tida vi legger inn for å betre studiekvaliteten er spegla.

Dagens satsar ligger på:

Faddervekestyret: 3000 kr styremedlemmar, 5000 kr til leiar.

Arbeidsutvalet: 2750 kr til arbeidsutvalsmedlemmar, Leiar er fast betalt av høgskulen med 50% sats kvar månad etter lønnstrinn 19 (12 512 kr).

Frist for å fremja forslag for endring av satsar for seinare år er 15.november i det føregåande året.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet legger frem et forslag for å auke satsane til faddervekestyret og Arbeidsutvalget.

Vedtak: Studetpalamentet godkjenner at AU får fulmakt til å arbeide med å fremja forslag for å auke satsene til faddervekestyret og arbeidsutvalet.

Valget ble utført med urneval.

Sak 19 – 19/20: Søknad til omstillingsmidlar (Workshop)

Type sak:

Vedtakssak

Sakshandsamar: David Bernatek

Trym orienterer om saken og deler studentparlamentet opp i tre grupper, der det er en frå AU i kvar gruppa.

Forslagene som kom inn

Gruppe 1:

- 1) Møteplassar
- 2) Fleire vatnkoker /steder og koke vann
- 3) Fleire sofagrunder i kantina,
- 4) Større projektorrom for 3D filmar,
- 5) Discoroom/ Danserom - en plass kvar ein kan organisere dans, yoga etc. Et stort rom for aktivitetar med speglar.

Gruppe 2:

- 6) Oppgradere Strøm-auditoriet pga. at det ikkje er dekning på telefon/data, dårleg luft og dårleg plass.
- 7) Outdoor –hangout area med varmelamper og tak. Volda er en Friluftsplass og det burde være en plass på campus for å ta pause ute også.
- 8) Optimalisere de sosiale aspektane ved å være på campus, spesielt på BK. Gjøra BK meir tilrettelagt for studentane å møtes, møteplassar. Nå brukas biblioteket for sosialisering og det gjør det vanskeleg å få arbeidsro på biblioteket.
- 9) Finnes mange potensielle koselege plasser på skolen som kan brukas– Vil ha fleire KOSELIGE plasser å være på, på campus. Konkret eksempel: Inngangen til BK kunne vært meir velkomme, meir kunst osv. Som for eksempel har blitt laget av HVO studentar.
- 10) Paviljongane bak Strøm og Aasen er slitt, og det er kaldt og trist. Disse burde pussets opp og renovert. De har mye potensial og kunne fungert bra som en koseleg møteplass for studentar. Dette gjelder fremst paviljong C.

Gruppe 3:

- 11) Meir synleg sted for Pangaia. Gjøra det meir velkomme for norske studentar også. Eventuelt ekspandere Pangaia's kontor, sette sofaer og ting ut forbi sjølve kontoret for å gjere det meir velkomme og lågare terskel for å komme inn.
- 12) Bytte-plass: En plass kvar en kan legge igjen bøker, ting, klede som en ikkje trenger så at andre kan hente
- 13) Betre luft og ventilasjon.
- 14) Hageområde.
- 15) Meir Kilde sorteringsstasjoner for avfall.

Forklaring:

Kvart år utlyser Leif Roar, Driftssjef ved Høgskulen i Volda, at det er omstillingsmidlar til overs. Her har alle instansar tilknytt Høgskulen moglegheit til å melde inn kva disse midla skal nyttas til. Disse midlane kan for eksempel nyttast til å pusse opp lokalar, kjøpe inn utstyr til Høgskulen og tilby nye tenester ved høgskulen.

Den 15.november går fristen ut for å melde inn desse ynskja om kva omstillingsmidlar skal bevilgast til. Etter dialog med Leif Roar har han ytra ynskje om at parlamentet kjem med eit samla svar om

kva studentane ynskjer å nytte desse midlane til. Her har det også vår snakk om at han lurar på kva studentane hadde meint om å lage møteplassar på høgskulen sin campus.

Vi opnar først for spørsmål og oppklaringar. AU deler parlamentet inn i grupper på 4 og kjem rundt å bidreg i diskusjonen. Kvar gruppe lagar seg ein liste med forslag. Deretter har vi ein diskusjon i fellesskap der vi lager ei liste på 5 rangerte punkt. Etter at saka er ferdig, skriv AU eit svar til Leif Roar der vi atterspeglar diskusjonen frå studentparlamentet og leggjer til kva orden parlamentet ynskjer å rangere ulike punkt.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet kjem fram til ei liste på fem punkt der dei står rangert etter sterkast ønskjer midlane vert brukt på.

Vedtak: Studentparlamentet kjem fram til denne liste med fem punkt der dei står rangert etter sterkast ønskjer midlane vert brukt på.

1. Forslag nr 12. Bytte-plass: En plass kvar en kan legge igjen bøker, ting, klede som en ikkje lenger trenger så at andre kan hente det/bytte.
1. Forslag nr. 9. Fleire KOSELIGE plasser å være på campus. Konkret eksempel: Inngangen til BK kunne vært meir velkommene, meir kunst osv. som har blitt laget av HVO studenter.
1. Forslag nr. 14 Hageområde
1. Forslag nr. 11 Meir synleg sted for Pangaia. Gjøra det meir velkommene for norske studentar også. Eventuelt ekspandere Pangaia's kontor, sette sofaer og ting ut forbi sjøleve kontoret for å gjere det meir velkommene og lågare terskel for å komme inn.
1. Forslag nr. 7) Outdoor –hangout area med varmelamper og tak. Volda er en Friluftsplass og det burde være en plass på campus for å ta pause ute også.

Valget ble utført ved urneval.

Sak 20 – 19/20: Val av arbeidsgruppe for julebord!

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: David Bernatek

David vil endre vedtaket frå å velje

Vedtak 1: Studentparlamentet vel 3 internt som kjem til å hjelpe David med Julebordet.

Valet vart utført med aktiv stemming.

Vedtak 2: Studentparlamentet vel Leona, Rikke og Liv til arbeidsgruppene

Valet vart utført med akklamasjon.

Vedtak 3: Studentparlamentet får en uke til på seg å velje dato for julebord.

Valet vert utført med aktiv røysting.

Eventuelt

Type sak:

Sakshandsamar:

Trym: Orienterer om at det mangler vara til Valstyret. Arnoud og Birk tilbyr seg som vara.

Anna: Orienterer om internkommunikasjonsprosjekt og Netlife og at det ønskes Studentdeltakelse.

Anna: Orienterer om Velferdsgruppe. Tilbakemelding – informere mer om samtaletilbudet på samskipnaden. Oversette “velferdssiden” til engelsk også.

Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studentparlamentet kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføring av møta m.m. På den måten kan møta forbeistrast, og AU og Studentparlamentet har heile tida dialog om korleis ein ynskjer at møta skal vere.

Møteslutt 19.06